

Prop. 112 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Lån frå den norske staten til den latviske staten

*Tilråding frå Finansdepartementet av 16. april 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og oppsummering

23. desember 2008 inngjekk Latvia ein avtale om eit stabiliseringsprogram med Det internasjonale valutafondet (IMF) for å handtere ei akutt finans- og betalingsbalansekrise. Krisa kom etter fleire år med til dels kraftig økonomisk vekst, med lett tilgang på internasjonal finansiering og kredittdrive privat forbruk. Store ubalansar hadde bygd seg opp og gjorde den latviske økonomien sårbar då den internasjonale finanskrisa kom hausten 2008 og tilgangen på kapital tørka ut. Målsetjinga med IMF-programmet er å stabilisere den makroøkonomiske situasjonen i landet mellom anna ved å støtte Latvias valutakurspolitikk gjennom auka valutareservar, stabilisere banksektoren ved mellom anna å nasjonalisere og refinansiere den største latviske eigde banken i landet, samt sikre statsfinansane.

Lånebehovet under Latvias stabiliseringsprogram er sett til 7,5 mrd. euro over programperioden fram til utgangen av 2011. IMF dekkjer sjølv om lag 1,7 mrd. euro av dette. EU på fellesskapsnivå er den største bidragsytaren med 3,1 mrd. euro i lån, og det er inngått ein eigen avtale mellom EU og Latvia om stabiliseringsprogrammet. I samband med at IMF-styret behandla programmet, gav Danmark, Finland, Noreg og Sverige i fellesskap lovnad om lån til Latvia på til saman 1,8 mrd. euro, med første utbetaling i 2010. Det vart teke atterhald om godkjenning i dei respektive nasjonalforsamlingane. I tillegg gav Verdsbanken, EBRD, Est-

land, Tsjekkia og Polen lovnader om lån på til saman 0,9 mrd. euro, slik at det samla finansieringsbehovet vart dekt.

På same måte som i arbeidet med støtte til Island, har Regjeringa lagt stor vekt på eit tett nordisk samarbeid om støtte til Latvia. I juli 2009 inngjekk Danmark, Finland, Noreg og Sverige låneavtalar med Island på til saman 1,775 mrd. euro knytte til Islands IMF-program. Fordelinga mellom dei fire nordiske långivarlanda av låna til Latvia og Island er sett i samanheng, og samla reflekterer denne fordelinga dei relative kvotane landa har i IMF. Noregs del er fastsett til 378 mill. euro for Latvia og 480 mill. euro for Island. Dei nordiske långivarlanda samarbeider om lånevilkår og vil inngå ein avtale som sikrar byrdefordelinga ved eit eventuelt misleghald. I tillegg deltek Estland i dette samarbeidet. Frå nordisk side legg ein opp til at Latvia i all hovudsak får same lånevilkår som Island.

Regjeringa ber i denne proposisjonen om fullmakt til å inngå ein avtale om lån på 378 mill. euro frå den norske staten til den latviske staten, knytt til Latvias IMF-program. Med utgangspunkt i valutakursen 8. april tilsvarer det om lag 3,0 mrd. norske kroner. Av dette er det venta at 231 mill. euro kjem til utbetaling i inneverande budsjettår, tilsvarende om lag 1 837 mill. kroner. I tråd med dette foreslår Regjeringa i denne proposisjonen ei løyving på 1 837 mill. kroner til dette formålet i statsbudsjettet for 2010.

2 Bakgrunnen for den økonomiske krisa i Latvia

Latvia har vore igjennom ein periode med svært høg økonomisk vekst. I perioden frå 2000 til 2007 var den gjennomsnittlege veksten i BNP på heile 9 pst. per år, raskast av alle noverande EU-medlemmer. Sysselsetjinga auka markert, og arbeidsløysa (AKU) vart redusert frå 10,6 pst. i 2004 til 6,2 pst. i 2007. I ein tidleg fase av oppgangen spela utnytting av overskotskapasitet etter sovjetperioden og omfattande produktivitetsfremmande reformer ei viktig rolle. Den sterke veksten i åra etter 2004 må ein òg sjå i samanheng med at Latvia dette året vart medlem av EU, noko som knytte Latvias økonomi tettare opp mot resten av Europa.

Då Latvia vart medlem i EU fekk landet lettare tilgang til internasjonal finansiering, og i åra etter 2004 bidrog gjeldsdriven oppgang i konsumet til hushalda og bustadinvesteringar til å trekkje BNP-veksten opp. Samtidig auka bustadprisar og aksjekursar kraftig og klart meir enn det fundamentale forhold kan forklare. Veksten i bustadprisane var over 60 pst. i både 2005 og 2006. Kredittveksten var òg svært høg, over 50 pst. i enkelte år. I 2007 var gjelda i privat sektor komen opp i heile 78 pst. av BNP. Av det utgjorde lån i utanlandsk valuta (i hovudsak i euro) om lag 90 pst.

Den markerte oppgangen i bustadetterspørsele og bustadprisane bidrog til at store ressursar vart allokerte til byggjesektoren heller enn til konkurranseutsett sektor. Aukande handelsunderskot bidrog til at underskotet på driftsbalansen auka frå knapt 13 pst. av BNP i 2004 til 24 pst. av BNP i 2007, det høgaste blant EU-landa dette året. Latvias utanlandsgjeld auka frå 98 pst. av BNP til 134 pst. av BNP i same periode.

Frå eit nivå på 2–3 pst. i perioden 2001–2003 tok inflasjonen seg klart opp frå og med 2004. I åra 2004–2006 var den årlege prisveksten på om lag 6–7 pst. Kombinasjonen av høg lønnsvekst og stigande energi- og matvareprisar gjorde sitt til at inflasjonen kom opp i 10 pst. i 2007 og heile 15 pst. i 2008. Reallønnsveksten i perioden 2004–2007 var likevel på heile 56 pst.

2. mai 2005 gjekk Latvia inn i EUs valutakurs-samarbeid, ERM II¹, som inneber at latviske lat (LVL) skal haldast innanfor eit band på +/- 15 pst. mot euro (1 EUR = 0,7028 LVL). Latviske styresmakter har på einsidig basis eit mål om å halde

valutaen innanfor +/- 1 pst. mot euro, med sikte på å kvalifisere seg til medlemskap i EUs økonomiske og monetære union (ØMU) og innføring av euro.

Med fast valutakurs blir konkurranseevna svekt dersom lønns- og prisveksten er høgare heime enn hos handelspartnarane, og frå 2004 til 2007 auka lønnskostnadene per produsert eining målt i felles valuta over 15 pst. meir i Latvia enn hos handelspartnarane til landet. Denne utviklinga gjer det meir krevjande for Latvia å skaffe balanse i utanriksøkonomien ved å auke eksportinntektene sine. Dei viktigaste eksportartiklane er i dag trevirke og trebaserte produkt, maskinar og utstyr, metall og tekstilar.

Betydelege nettooverføringar frå EU og ein sterk, konjunkturdriven oppgang i skatteinntektene vart brukt til å finansiere ei kraftig opptrapping av utgiftene på statsbudsjettet. Frå 2003 til 2007 voks offentlege utgifter reelt med 80 pst. Utforminga av finanspolitikken bidrog dermed til å forsterke oppgangskonjunkturen, og til å bringe utgiftene opp på eit nivå som ikkje var berekraftig då omslaget kom.

Alt før finanskrisa såg ein starten på ei avdemping av latvisk økonomi med minkande BNP-vekst og fall i formuesprisar. Då den internasjonale finanskrisa braut ut hausten 2008 og innskrenka tilgangen på internasjonal kapital samt reduserte investorane sin vilje til å ta risiko, var landet svært utsett. Dette kom mellom anna av ubalansane knytte til bobler i bustad- og aksjemarknadene, svekt konkurranseevne, høgt gjeldsnivå i privat sektor og at landet var sterkt avhengig av internasjonal finansiering.

Presset mot det latviske banksystemet vart forsterka av finanskrisa, og kredittapa auka. Banksektoren i Latvia er dominert av nordiske finanskonsern som m.a. Swedbank, Nordea, SEB og DnB NORD². Parex, den største latviskeigde banken, opplevde frå slutten av august 2008 innskotsflukt og fekk store likviditetsproblem. For å unngå kollaps valde latviske styresmakter den 8. november 2008 å kjøpe seg inn i Parex til ein eigardel på 51 pst. Den 2. desember 2008 auka staten sin eigardel til 84 pst. og bytte ut bankleiinga.

Nedgangen i økonomien og finanskrisa gjorde det stadig vanskelegare for latviske debitorar å betale renter og avdrag på den høge utanlandsgjelda. Etter at den latviske staten kjøpte seg inn i Parex, bestemte kredittvurderingsbyråa Standard & Poors og Fitch seg for å nedjustere vurderinga av den latviske staten. Dette medførte auka finansi-

¹ Arvtakar etter EUs opphavlege Exchange Rate Mechanism. Etablert i samband med opprettinga av ØMU for å bidra til at kandidatland til ØMU innrettar politikken sin mot stabilitet og konvergens.

² Eigarar av DnB NORD er DnB NOR (51 pst.) og den tyske banken Nord/LB (49 pst.).

eringskostnader og forsterka problema for både offentlege og private låntakarar. I tillegg vart Latvias fastkurspolitikk sett under sterkt press. Sentralbanken brukte i løpet av hausten 2008 i underkant av 1 mrd. euro for å forsvare kursen, noko som tilsvarer ein firedel av valutareservane. Ei devaluering i Latvia ville hatt betydelege ringverknader for andre land i regionen. Estland og Litauen stod på dette tidspunktet overfor liknande utfordringar, med betydelege økonomiske ubalansar og press mot fastkurspolitikken.

3 Stabiliseringsprogrammet med IMF

Latviske styresmakter tok i november 2008 kontakt med IMF med sikte på å få på plass eit stabiliseringsprogram og finansiell støtte. Den 23. desember 2008 godkjende IMF-styret programmet som styresmaktene og IMF-staben hadde utarbeidd i fellesskap. Behovet for ekstern finansiering vart anslått til 7,5 mrd. euro. Dette blir dekt gjennom lån frå IMF (ca. 1,7 mrd. euro), EU på fellesskapsnivå (3,1 mrd. euro), nordiske land (1,8 mrd. euro), Verdsbanken (0,4 mrd. euro), Estland (0,1 mrd. euro), og dessutan EBRD, Polen og Tsjekkia (til saman 0,4 mrd. euro). Landet trong i første rekkje midlar til å styrkje sentralbankens valutareservar, rekapitalisere bankvesenet med vekt på Parex og til å finansiere offentleg sektor, i hovudsakleg betaling av statens valutagjeld.

Dei viktigaste punkta i stabiliseringsprogrammet er:

- *Tiltak for å stabilisere banksektoren.* Styresmaktene vil forsterke tilsynet og sikre at alle bankar er solide og likvide. I den grad det ikkje finst private løysingar for bankar i vanskar, blir det gitt finansiell støtte. Rammeverket for tilsyn med og handtering av kriser i finanssektoren skal gjennomgåast. Utanlandske bankar har forplikta seg til framleis å vere til stades i landet, til å halde ved like dagens kapitaldekning og til å tilføre ny eigenkapital dersom det blir nødvendig.
- *Nasjonalisering av og kontroll med Parex.* Dette er det viktigaste enkelttiltaket for å stabilisere banksektoren, og var langt på veg gjennomført då stabiliseringsprogrammet vart inngått. Full openheit om bankverksemda har vore eit krav frå både IMF og EU, blant anna på bakgrunn av mistanke om at banken kan ha vore involvert i kvitvasking. Kapitaltilførsel er nødvendig for at Parex skal ha tilstrekkeleg likviditet og soliditet

til å kunne få fornya tillit i marknaden. På lengre sikt, når situasjonen har stabilisert seg, ønskjer styresmaktene å redusere eigarskapen sin.

- *Vidareføring av dagens valutakurs.* Programmet legg opp til ei vidareføring av dagens fastkurs mot euro, noko styresmaktene legg stor vekt på. Styresmaktene argumenterer for at den faste valutakursen har vore eit anker for makroøkonomisk stabilitet i Latvia i meir enn 15 år. Ei styrking av sentralbankens valutareservar underbyggjer tilliten til valutakurspolitikken. Styresmaktene si målsetjing er å kvalifisere til medlemskap i ØMU, truleg frå 2014, noko som krev at landet tilfredsstiller dei såkalla Maastricht-kriteria.
- *Betring av den internasjonale konkurranseevna.* Med pengepolitikken innretta mot å forsvare fastkursen legg styresmaktene opp til å redusere kostnadsnivået gjennom finans- og inntektspolitikken. For offentleg sektor og offentlege bedrifter blir det lagt opp til lønnsreduksjon på om lag 25 pst. i 2009 og nominelt uendra lønningar i 2010–2011. Ein reknar med at signaleffekten frå desse tiltaka, i kombinasjon med det økonomiske tilbakeslaget, vil føre til ein vesentleg lønnsreduksjon også i privat sektor.
- *Konsolidering av offentlege finansar.* Styresmaktene legg opp til ei kraftig innstramming i finanspolitikken gjennom ein kombinasjon av skatteaukar og utgiftskutt, mellom anna auka meirverdiavgift. Programmet legg opp til forbeiningar og forenklingar i skattesystemet, i kombinasjon med strukturreformer for å betre ressursbruken. Rammeverket for finanspolitikken skal vidareutviklast gjennom sterkare målstyring og opnare budsjettssystem. Det sosiale tryggingssystemet for dei fattigaste skal styrkjast. Målsetjinga er at budsjettunderskotet skal kome ned i 3 pst. av BNP i 2011, som er eit av Maastricht-krava for å kvalifisere seg til ØMU.

Styresmaktene og IMF har stått overfor mange avvegingar i utforminga av programmet, blant anna i valutakurspolitikken. Eit alternativ til å vidareføre dagens fastkurspolitikk kunne vere å devaluere, for eksempel ved å nytte den fulle breidda i svingingsbandet i ERM II på +/- 15 pst. mot euro. Ei devaluering reduserer kostnadsnivået straks, og kan raskt leggje grunnlaget for berekraftig økonomisk vekst. På den eine sida ville ei devaluering gjere situasjonen vanskelegare for alle som har inntekter i latviske lat, men må betale ned lån i euro (90 pst. av alle lån i Latvia er som nemnt denominerte i utanlandsk valuta). Av den grunn kunne ei

devaluering raskt slå ut i fleire konkursar og betydelege tap for banksektoren. I tillegg kunne ei devaluering utsetje Latvias inngang i ØMU. På den andre sida må det brukast sterke verkemiddel også dersom ein skal få ned kostnadsnivået og gjenvinne balansen i utanriksøkonomien utan å svekkje den nominelle valutakursen, som kutt i offentlege overføringar og lønningar. Å gjenopprette den internasjonale konkurranseevna gjennom ei slik "intern devaluering" tek normalt noko tid. Latviske styresmakters eige ønske om å vidareføre dagens fastkurspolitikk har vore viktig for utforminga av stabiliseringsprogrammet.

Latviske styresmakter erkjenner at det er krevjande å gjennomføre programmet. Den nødvendige finanspolitiske innstrammainga forsterkar konjunkturedgangen på kort sikt, og det kjem til å ta tid å få den nødvendige justeringa av kostnadsnivået på plass. I mellomtida blir det behov for betydeleg finansiell støtte, slik Latvia no får gjennom stabiliseringsprogrammet.

Stabiliseringsprogrammet er òg viktig for å auke tilliten til at den økonomiske politikken blir gjennomført. Tiltaka i programmet inneber politisk risiko i tillegg til den økonomiske risikoen. Latvia er eit ungt demokrati og opplever no det mest dramatiske økonomiske tilbakeslaget etter at landet igjen vart sjølvstendig i 1991. Ei utfordring er å sørgje for at fordelinga av byrdene ved gjennomføringa av programmet blir opplevd som sosialt rettferdig. Inntektsnivået i Latvia var jamvel før krisa godt under EU-gjennomsnittet, og landet mottok støtte under EUs samhøyrssfond og prosjektstøtte frå Noreg under EØS-finansieringsordningane. IMF anslår at BNP per innbyggjar i Latvia i 2010 kjem til å vere 12 pst. av nivået for Noreg, målt i felles valuta. Målt ved kjøpekraft er inntektsnivået per innbyggjar i Latvia anslått til 27 pst. av Noregs nivå.

EU og latviske styresmakter har inngått ein eigen avtale om Latvias stabiliseringsprogram. Avtalen er konsistent med IMF-programmet.

4 Nærare om implementeringa av stabiliseringsprogrammet

I 2009 utvikla latvisk økonomi seg vesentleg verre enn det som var lagt til grunn i stabiliseringsprogrammet med IMF, noko som forsterka presset på offentlege finansar og på valutakurspolitikken. Samtidig var Latvias gjennomføring av programmet i første del av 2009 svak på ein del sentrale punkt. Særleg gjaldt dette tiltak for å konsolidere offentlege finansar, mellom anna lønnskutta som

øg er nødvendige for å gjennomføre den interne devalueringa.

På denne bakgrunnen vart stabiliseringsprogrammet med IMF reforhandla i fjor sommar i samband med første gjennomgang av programmet. Det viktigaste temaet i reforhandlingane var det offentlege budsjettunderskotet. IMF aksepterte at styresmaktene har eit underskot i offentlege budsjett på 13 pst. av BNP i 2009, samanlikna med 5 pst. underskot i det opphavlege programmet. Tilsvarande kan underskotet i 2010 vere 12 pst., mot 5 pst. opphavleg. I reforhandlingane vart det også semje om å setje av 1 pst. av BNP i friske midlar for å styrkje det sosiale tryggingssynet. Dei andre kreditorane slutta seg til dette, og IMF-styret godkjende det reforhandla programmet 27. august 2009.

17. februar 2010 godkjende IMF-styret andre gjennomgang av Latvias stabiliseringsprogram. I rapporten som vart førebudd til gjennomgangen, peiker IMF-staben på vesentlege forbetringar i styresmaktene si gjennomføring av tiltak. Særleg gjeld dette i finanspolitikken, der styresmaktene legg opp til ei innstramming i budsjettet for 2010 på 4,2 pst. av BNP samanlikna med nivået i 2009. Grunnlovsdomstolen i Latvia gjorde i slutten av desember 2009 eit rettsvedtak der enkelte kutt i offentlege pensjonsordningar vart vurderte som grunnlovsstridige. Kutta blir derfor reverserte og budsjettbalansen svekt med 1,5 prosentpoeng, slik at arbeidet med budsjettet for 2011 blir meir krevjande enn venta. Grunnlovsdomstolen peikte elles på at stabiliseringsprogrammet var så omfattande at det burde vore godkjent i parlamentet, og det var derfor oppe til godkjenning 21. januar 2010.

Styresmaktene har i 2010-budsjettet lagt opp til å bruke midlar tilsvarande berre 0,1 pst. av BNP til å styrkje det sosiale tryggingssynet, noko som er ein tidel av det stabiliseringsprogrammet har gitt rom for. IMF, EU og andre långivarar, inkludert Noreg, har lagt press på latviske styresmakter for å sikre at dei tek tilstrekkeleg omsyn til dei sosiale konsekvensane ved utforminga av innstrammings-tiltaka.

IMFs vurdering i samband med andre gjennomgang av låneprogrammet er at Latvia følgjer dei makroøkonomiske krava, samtidig som landet i all hovudsak gjennomfører dei spesifiserte strukturtiltaka på tilfredsstillande vis. Men banksektoren er framleis sårbar. Aukande misleghald av lån legg press på både likviditeten og soliditeten til institusjonane, og bankane har vorte tilbakehaldne med å innvilge ny kreditt. I dei første ti månadene i 2009 utgjorde tapa i banksektoren eit beløp tilsvarande 5 pst. av Latvias BNP. Restruktureringa av

dei statseigde bankane går sakte. Det er framleis avgrensingar på kor mykje midlar kundane kan ta ut frå Parex, og regjeringa har enno ikkje fått ferdig ein strategi for vidare drift av banken.

Styresmaktene har bedd om at stabiliseringsprogrammet blir forlenget med ytterlegare ni månader til 22. desember 2011, noko IMF-styret godkjende i samband med andre gjennomgang. Formålet er å vidareføre styrkinga av offentlege finansar slik at underskotet i 2012-budsjettet blir mindre enn 3 pst. av BNP. Dersom dette Maastricht-kriteriet blir tilfredsstilt, kan det bane vegen for medlemskap i ØMU, som er oppgitt som exit-strategien i programmet.

Den økonomiske utviklinga har så langt vore nedslåande, men fallet i BNP viser no teikn til å flate ut. Frå 3. til 4. kvartal 2009 var nedgangen på 4 pst., justert for normale sesongvariasjonar og omrekna til årleg rate, mot eit fall på 11 pst. frå 4. kvartal 2008 til 1. kvartal 2009. For året 2009 sett under eitt er tilbakeslaget dramatisk, med ein nedgang i BNP på 18 pst. frå 2008. For 2010 er det venta ein ytterlegare nedgang på 4 pst. Nedgangen blir dempa noko av at aktiviteten i konkurranseutsett sektor tek seg opp, og industriproduksjonen har auka med 10 pst. sidan botnnivået i februar 2009. Først frå 2011 ventar IMF ny BNP-vekst, og då med klart lågare årlege ratar enn Latvia hadde før den økonomiske krisa.

Sysselsetjinga er framleis fallande, og arbeidsløysa stig. IMF-staben ventar at arbeidsløysa (AKU) vil nå toppen i 2010 med ein arbeidsløysesrate på 20 pst. for året sett under eitt, opp frå 17,5 pst. i 2009. Driftsbalansen overfor utlandet er no positiv og har stabilisert seg rundt 7–8 pst. av BNP, i hovudsak som ei følgje av redusert import. Som ei følgje av tilbakeslaget og reduksjonen i lønnsnivået har konsumprisindeksen falle sidan våren 2009. Deflasjonen styrkjer konkurranseevna. Målt ved relativ KPI har realvalutakursen depresierte med 6 pst. sidan toppen i mars 2009. Han er no tilbake på nivået han hadde då krisa begynte. Stabiliseringsprogrammet legg opp til ei ytterlegare styrking av konkurranseevna. IMF-staben karakteriserer framleis gjennomføringa av denne politikken som krevjande, spesielt sidan prisveksten er svært låg hos Latvias viktigaste handelspartnarar.

Etter godkjenninga av andre gjennomgangen av programmet er nær 1 mrd. euro av IMF's lån på om lag 1,7 mrd. euro (1,52 mrd. SDR) betalt ut. I tillegg er 2,7 mrd. euro av lånet frå EU og 300 mill. frå andre långivarar betalt ut. Til saman betyr dette at Latvia no har fått utbetalt litt over halvparten av den totale låneramma på 7,5 mrd. euro.

5 Norsk og nordisk støtte til Latvia

Danmark, Finland, Noreg og Sverige har gitt lovnad om lån på til saman 1,8 mrd. euro i tilknytning til IMF-programmet, med første utbetaling i 2010. Dei nordiske landa er dermed som gruppe den nest største bidragsytaren, jf. avsnitt 3 ovanfor. Lovnaden vart gitt i samband med godkjenninga av programmet i IMF's styre den 23. desember 2008. Det vart teke atterhald om samtykke frå dei respektive nasjonalforsamlingane.

Regjeringa legg stor vekt på god nordisk koordinering av støtta til Latvia og at det norske lånet blir gitt innanfor ei nordisk ramme. Ved fordelinga av det nordiske lånebeløpet mellom dei fire långivarlanda vart lånet til Latvia sett i samanheng med det tilsvarende lånet som dei same fire landa gir til Island, jf. St.prp. nr. 47 (2008–2009) *Om fullmakt til å stille statsgaranti for lån fra Norges Bank til Sedlabanki Islands*. For låna til desse to landa sett under eitt er fordelinga basert på långivarlanda sine kvotar i IMF. Sveriges del av lånet til Latvia er 720 mill. euro, Danmark og Noreg har begge ein del på 378 mill. euro, mens Finland har ein del på 324 mill. euro. Basert på valutakursane den 8. april tilsvarer Noregs del om lag 3,0 mrd. norske kroner. Noregs og Danmarks del av lånet til Latvia er noko mindre enn deira del av lånet til Island, mens situasjonen er motsett for Sverige. Det norske lånet til Island er på 480 mill. euro.

Estland, som tek del i finansieringa av det latviske stabiliseringsprogrammet med eit lån på 100 mill. euro, slutta seg i 2009 til det nordiske långivarsamarbeidet slik at det no består av Danmark, Estland, Finland, Noreg og Sverige.

Desse fem landa har sett som føresetnad for låna sine at Latvia følgjer stabiliseringsprogrammet med IMF, og det er eit vilkår for utbetaling at gjennomgangane av framdrifta for dette programmet blir godkjende i IMF-styret. Dei nordiske EU-landa, og Estland, vil i låneavtalane også setje som vilkår for utbetaling at Europakommisjonen har godkjent framdrifta for programmet.

Det kan tenkjast at IMF og Europakommisjonen har ulikt syn på om framdrifta kan godkjennast. Det ville vere uheldig om ein skulle hamne i ein situasjon der IMF godkjenner, slik at Noreg er forplikta til å betale ut det aktuelle lånebeløpet, mens EU ikkje gjer det. I ein slik hypotetisk situasjon kunne Noreg vere den einaste nordiske långivaren som betaler ut lånet, noko som ville undergrave byrdefordelinga mellom långivarane. For å sikre seg mot eit slikt utfall vil ein i den norske låneavtalen med Latvia setje som vilkår for norsk utbetaling at dei andre nordiske långivarane òg

betaler ut sine lånebeløp. Det betyr at dei nordiske långivarane i praksis har same vilkår for utbetaling.

6 Nærare om lånevilkåra

Dei andre lånevilkåra blir også samordna mellom dei nordisk-baltiske långivarlanda, og det blir lagt opp til at dei fem landa, med unntaket for avviket som er nemnt i avsnittet ovanfor, inngår like-lydande låneavtalar med Latvia. Vilkåra vil i all hovudsak vere identiske med vilkåra for tilsvarende lån til Island. Løpetida er tolv år, med fem års avdragsfridom og sju års tilbakebetaling. Lånet blir gitt med flytande rente lik tre månaders penge-marknadsrente i euroområdet (EURIBOR³), pluss eit påslag på 2,75 prosentpoeng.

Ved fastsetjing av rentepåslaget er det lagt vekt på at låna er gitt for å støtte eit land i den nordisk-baltiske valkretsen som har kome i ein svært vanskeleg situasjon, og at dei er gitt for å finansiere eit IMF-program. Samtidig er det lagt opp til at renta skal dekkje innlån- og administrasjonskostnadene til långivarane og kompensere for kredittrisiko.

Det er vidare foreløpig lagt opp til at låna frå Danmark, Finland, Noreg og Sverige skal utbetalast i fire porsjonar, og at utbetalingane skjer etter at tredje, femte, sjuande og niande gjennomgang av Latvias stabiliseringsprogram er godkjende i IMF-styret. Det er venta at dei to første porsjonane blir utbetalte i 2010 og dei resterande i 2011. For Noregs del er dei to første utbetalingane på 115,5 mill. euro kvar, mens dei to siste er på 73,5 mill. euro kvar. Planen er at lånet frå Estland blir delt opp i to porsjonar og at lånet blir utbetalt i tilknytning til at sjuande og niande gjennomgang blir godkjende i IMF-styret.

Ein eigen avtale mellom Danmark, Estland, Finland, Noreg og Sverige sikrar likebehandling mellom desse fem kreditorane om Latvia ikkje skulle innfri lånegjelda.

³ EURIBOR var 0,65 pst. den 8. april 2010.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det administrative arbeidet knytt til det foreslåtte statslånet til Latvia blir gjort i Finansdepartementet. Det er venta at arbeidsbyrda blir avgrensa og kan dekkjast innanfor eksisterande budsjetttrammer. Lånet blir finansiert gjennom lån i marknaden eller ved trekk på statens kontantbeholdning.

Det er lagt opp til at finansieringskostnader, administrative kostnader og kompensasjon for kredittrisiko blir dekt gjennom den avtala renta. Finansdepartementet reknar ikkje med at det er behov for å be om løyving til tapsavsetning. Statens fordringar på den latviske staten har truleg prioritet etter IMF's fordringar, sidan IMF i tråd med hevdvunnen praksis har ein særleg status ved ei eventuell reforhandling av Latvias gjeld, og likt med andre fordringar på den latviske staten.

Regjeringa ber i denne proposisjonen om fullmakt til å inngå ein avtale om lån på 378 mill. euro frå den norske staten til den latviske staten knytt til Latvias IMF-program. Med utgangspunkt i valutakursen 8. april tilsvarende det om lag 3,0 mrd. norske kroner. I inneverande budsjettår blir utbetalingar under låneavtalen anslått til 231 mill. euro, tilsvarende 1 837 mill. kroner basert på valutakursen den 8. april. I tråd med dette foreslår Regjeringa ei løyving på 1 837 mill. kroner i statsbudsjettet for 2010 på kap. 1646 Lån til utlandet, post 90 Lån til Republikken Latvia.

Finansdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lån frå den norske staten til den latviske staten.

Vi HARALD, Noregs Konge,

st a d f e s t a r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om lån frå den norske staten til den latviske staten i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om lån frå den norske staten til den latviske staten

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
(NY) 1646		Lån til utlandet:	
	90	Lån til Republikken Latvia, blir løyvd med	1 837 000 000

II

Stortinget samtykkjer i at den norske staten i 2010 kan inngå ein avtale om lån til den latviske staten innanfor ei ramme på 378 mill. euro, i samsvar med dei vilkåra som det er gjort greie for i Prop. 112 S. (2009–2010).
